

Truleg rekordsesong for Uskedalselva

17.09.2007



95 centimeter lang var laksen Eidsvik tok

Utan at han enno har totaloversikt over fangstane trur oppsynsmann Arne Terje Haugland at dette har vore ein rekordsesong for Uskedalselva som lakseelv. Sesongslutt var laurdag og i dei aller siste vekene er det teke fleire fine fiskar. Ein av dei var ein rugg på 9,2 kilo som vart fanga 2. september av Knut Inge Eidsvik heilt oppe ved Haugland gamle skule.

Eidsvik har sendt denne rapporten til uskedalen.no:

"Laksen vart teke på "Møresild" søndag 2. september om ettermiddagen. Eg fekk han oppe ved gamleskolen på Haugland på flomstor elv utan håv og klepp. Skal lova det var litt av eit sirkus. Det tok 25 minutter og 10 minutter til før den verste skjelven roa seg og hjarta slog nokonlunde normalt igjen.

Etter nøye veging og måling viste den seg å vera 95 centimeter lang, 48 centimeter i rundmål og vekta stoppa på 9,2 kilo. Det var ny pers for meg. Den gamle var frå 1977 og då stoppa vekta på åtte kilo. Den vart også teke på "Møresild" – i Djupehølen. På den tida var elva kjent som ei god aureelv, så det var langt mellom laksane. I dag vert det teke meir laks enn aure.

Denne sesongen har det vore teke mykje stor og mellomstor laks. Leif Jordal, som tok ein på 10,22 kilo, fekk ein stor hannlaks på den siste dagen i sesongen og vekta stoppa på 9,7 kilo. Han er nok ein av ringrevane i faget. Eg mista truleg ein mulig rekordfisk fredag, men totalt har sesongen for meg vore over all forventning."

Av Ola Matti Mathisen



Fisken som Eidsvik tok var eit prakteksemlar.